

## PLANINITIATIV

Framlegg til plannamn:	Reguleringsplan for gamle Ljøsne skule?
Gbnr:	4642 – 9/17 , 9/44 og 9/45
Stad, adresse:	Lærdalsvegen 1367 og 1369
Framleggsstillar:	Samarbeid mellom fleire bedrifter/tiltakshavarar
Plankonsulent:	Skal engasjerast
Dato:	08.06.20

### Hovudinnhald i planinitiativet

*Omregulering av Ljøsne skule, for å kunne bruke den til eige formål. dette vil i første omgang omfatte tre bedrifter.*

#### **NVRLND AS**

*produserar sokkar av høg kvalitet til alle formål. Ferdig sydde og eigen coustom produksjon, der vi trykker bilder på sokken. Samarbeidspartnerar er Marius of Norway, Moomin, Smurfene og Rights and Brands Licensing.*

*Har 5 tilsette, og omsatte for ca 3 millionar i 2019 som er 100% aukning i forhold til 2018*

#### **Norteck AS**

*formidler anleggsmaskiner, graveutstyr, bilar, varebilar, tilhengere, landbruksutstyr, reservedeler, dekk og felg til alle formål.*

- *Me har alltid eit utvalg av maskiner, bilar og utstyr på lager og me gjer vårt beste for å dekke behovet og etterspørsel.*
- *Selskapet har Medhjelpar oppdrag for Namsmann i Sogn og Sunnfjord*
- *Me tilbyr utleige av maskiner, tilhengar, lift, stillas og utstyr.*
- *Me har 2 tilsette og omsetter mellom 8 og 10 millionar pr år.*

#### **Lustraporten AS**

*er samlingsplass med kiosk, pub, kro og catering tilbod.*

- *Drivstoffsalgfra YX Norge, som er Norges einaste Norskeigde drivstoff leverandør.*
- *YT Xtra treningsenter med moderne treningsutstyr, tredemøller, spinningssal og personlige trenere.*
- *Ny sjølvaskeshall med kraftfullt vaskeanlegg frå Holta & Håland*
- *Selskapet har 9 tilsette*

Framlegg til nytt reguleringsformål, planlagd bebyggelse, anlegg og andre tiltak:

*\*Lager*

*\*Logistikk*

*\*Produksjon*

*\*Utsalg (outlet)*

Mal planinitiativ Lærdal kommune.

- \*Catering
- \*Utleige av kontor og lokaler
- \*Selskap, kurs og konferanse lokale
- \*Drivstoff anlegg
- \*Camping
- \*Leikeland og trenings studio i gymsal
- \*Marknad
- \*Festival / konsertar

### Planområdet – dagens situasjon

Området omfattar ein nedlagd skule med ein større skulebygning og ein gymsal med omkringliggjande areal. Planområdet omfattar desse eigedomane: 9/17 , 9/44 og 9/45, i tillegg til omkringliggjande vegareal. E16 går rett forbi, og planområdet omfattar og omkringliggjande vegsamband og parkeringsareal, for å sikre heilskapleg planlegging for trafikkavvikling og parkering. Det er ikkje busetnad tett inntil, men det er nokre få bustadhus litt lenger aust. Området ligg om lag 1 km frå bustadfeltet Saltkjelen. Området har idrettsanlegg rett ved, men dette er ikkje omfatta av planarbeidet. Omkringliggjande areal er LNF-føremål i *Kommunedelplan for Tønjum – Ljøsne*.




Planområdet omfattar heile eigedomen for den gamle skulen og vegsystem og parkering kring eigedomen.

Området er ikkje omfatta av omsynssone for flaum eller skred i kommunedelplanen. Det er ikkje gjort grunnundersøkingar i området, men planarbeidet omfattar ikkje endringar som vil krevje dette. Området er ikkje omfatta av arkeologiske undersøkingar/registreringar, men reguleringsplanarbeidet omfattar ikkje bygging som

Mal planinitiativ Lærdal kommune.

vil løyse ut krav til arkeologiske utgravingar, då endringa handlar om ny bruk av eksisterande bygningar og anlegg. Det er gjort støyvurderingar for trafikken på E16 den gong det var skule i bygningane, og det vart den gongen vurdert til å liggja noko over støygrensa for skulebygning. Det vart gjort tiltak for å dempe støyen med å etablere støyvoll for å ta vekk dekkstøyen.



Planområdet ligg ikkje langt i frå Lærdalselva, men skulebyggingen ligg oppå ein høgde frå landbruksarealet ved elva, og er dermed ikkje utsett for flaum.

### Tilhøvet til overordna planar og retningslinjer

Området er regulert til Offentleg og privat tenesteyting i Kommunedelplan for Tønjum – Ljosne, og er ikkje omfatta av reguleringsplanar. Området har tidlegare vore offentleg eigd og nytta til skule. Det er i gang eit planarbeid for ny golfbane og masseuttak i nærleiken, rett over elva. Reguleringsendringa vert gjennomført fordi området er tenkt nytta til ulik næringsverksemd, i staden for offentleg tenesteyting, som då er i strid med føremålet i kommunedelplanen. Det er og naudsynt å sjå nærmare på travikkavvikling, parkeringsareal og avkøyrsløse i planarbeidet.

### Verknadar av planinitiativet

Planinitiativet kan føre til noko auka trafikk inn på området, i forhold til situasjonen no, når skulen er stengd ned. Bygningane framstår i dag som noko slitt og lite vedlikehald, og både uteareal og bygningane vil få seg eit estetisk løft gjennom nyetableringane. Det vert ikkje planlagt nye bygningar, så etableringa vil ikkje ha konsekvensar for landskapet, omgjevnader eller stadkaraktaren. I forhold til E16 som går rett forbi, vil ikkje nyetableringa føre med seg noko meir støy enn E16 allereie genererer i dag. Farten inne på området vil og verte betydeleg lågare enn på E16 rett forbi. Tiltaket vil ikkje ha

Mal planinitiativ Lærdal kommune.

negative konsekvensar for friluftsliv, landbruk, natur, eller kulturverdiar, då tiltaket berre rårar ved eksisterande bygningsmasse og omkringliggjande uteareal, og tek ikkje i bruk nye areal.

### Medverknad

Aktuelle offentlege organ som vert varsla om oppstart av planarbeid: Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen og NVE.

Andre: naboar, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsemne, Ungdomsrådet, Barnerepresentanten, Ljosheim og Rikheim Grendelag, Lærdal Næringsutvikling og fleire.

Det vert spesielt viktig i planarbeidet å ha god dialog med Statens vegvesen om trafikkavvikling og avkøyrsløse til området.

### Samfunnstryggleik og risiko

Dersom det skal vurderast å etablere drivstoffpumpe i planområdet, må sikkerheit og risiko kring denne vurderast særskild. Elles vert det utarbeida vanleg ROS-analyse etter sjekkliste, der alle vanlege tema vert vurdert og omtala, og eventuelle naudsynte tiltak vidareført i føresegnene til planen.

### Konsekvensutgreiing

Det er gjennomført vurdering av om tiltaka kjem inn under krav om konsekvensutgreiing i forskrift om konsekvensutgreiingar, og tiltaka i planen er vurdert som ikkje KU-pliktige. Grunngevinga for dette er at tiltaka ikkje kjem inn under tiltak i vedlegg 1 i forskrifta, for tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast. Planen vil innhalda tiltak under *punkt 8 i vedlegg 2, TEKSTIL-, LÆRVARE-, TREVARE- OG PAPIRINDUSTRI*

*b) Anlegg for forbehandling (vasking, bleiking, mercerisering) eller farging av fibrer eller tekstiler.*

Dette kjem då inn under tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom det vert vurdert å ha vesentlege konsekvensar/verknadar for samfunn og miljø. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil ha vesentlege konsekvensar/verknadar for samfunn og miljø, sidan tiltaka omfattar bruk av eksisterande bygningar, området har vore nytta til skule, og er omringa av vegar. Området har ikkje busetnad tett inntil, og det vert vurdert at tiltaket vil ha liten eller ingen verknad for nær miljø, landbruk, miljø, natur eller friluftsliv.

Det er viktig at både kommunen og framleggsstillar er klar over at avvik frå overordna plan bidrar til ei rekke usikre moment som kan gjere planlegginga meir komplisert, tidkrevjande og risikofylt. Framleggsstillar må ha eit bevisst forhold til kvifor det vert foreslått å bryte med rammer som er gjeve i overordna planar. Dersom framlegget er i strid med overordna planar og føringar, må avvika grunngjevast.

Begge partar må rekne med auka ressurs- og tidsbruk når eit planframlegg ikkje er i samsvar med overordna plan. Ein god gjennomgang av og grunngjeving for avvika auker moglegheita for at